



Årdalstangen Idrettslag

"Laget for alle"

ÅRSMØTE ÅRDALSTANGEN IDRETTSLAG 29.03.2023

Tilstades: Magne Knudsen, Kjersti Nundal, Even Gundersen Vee, Hanne Øren, Ulrik Ibsen, Vilde Lien, Grete Vedå, Anne Kauppi, Lis Heidi Sværen, Hanne Stedje, Arild Hatlelid, Per Gisle Dvergedal, Linn Hege Lereng Einan, Lasse Heggheim, Svein Ove Jørgensen, Line Hals Kvannli

Saksliste

1. Opning

Magne opnar møtet.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent slik den ligg føre.

3. Val av møteiar

Innstilling frå styret: Magne Knudsen

Vedtak: Magne Knudsen vart samrøystes valt til møteiar

4. Val av referent

Innstilling frå styret: Kjersti Nundal

Vedtak: Kjersti Nundal vart samrøystes valt til referent

5. Val av to personar til signering av protokoll

Innstilling frå styret: Linn Hege Lereng Einan og Hanne Øren

Vedtak: Linn Hege Lereng Einan og Hanne Øren vart samrøystes valt til å sign. protokoll.

6. Årsmeldingar

a. Hovudlaget

Innstilling frå styret: Årsmelding for hovudlaget vert godkjent.

Vedtak: Årsmelding for hovudlaget vart samrøystes godkjent med merknad: også auka fokus på aktivisering av dei vaksne innbyggerane på Årdalstangen.

b. Ski

Innstilling frå styret: Årsmelding for ski vert godkjent.

Vedtak: Årsmelding for skigruppa vart samrøystes godkjent.

c. Handball

Innstilling frå styret: Årsmelding for handball vert godkjent.

Vedtak: Årsmelding for handball vart samrøystes godkjent.

d. Fotball

Innstilling frå styret: Årsmelding for fotball vert godkjent.

Vedtak: Årsmelding for fotball vart samrøystes godkjent med merknad: Jenter 2011 har også hatt med spelarar f. 2010.

e. Barneidrett

Innstilling frå styret: Årsmelding for barneidrett vert godkjent.

Vedtak: Årsmelding for barneidrett vart samrøystes godkjent.

f. Turn

Innstilling frå styret: Årsmelding for turn vert godkjent.

Vedtak: Årsmelding for turn vart samrøystes godkjent.

g. Trim

Innstilling frå styret: Årsmelding for trim vert godkjent.

Vedtak: Årsmelding for trimgruppa vart samrøystes godkjent med merknad: jobbe med å få med menn på treningane også (kun damer per i dag).

7. Reknskap

a. Hovudlaget

Innstilling frå styret: Reknskap for hovudlaget vert godkjent.

Vedtak: Reknskap for hovudlaget vart samrøystes godkjent med merknad om at det skal gjennomførast taksering av Aosahytta og trakkemaskina, slik at dette kan førast på eigenkapital.

b. Ski

Innstilling frå styret: Reknskap for ski vert godkjent.

Vedtak: Reknskap for skigruppa vart samrøystes godkjent.

c. Handball

Innstilling frå styret: Reknskap for handball vert godkjent.

Vedtak: Reknskap for handball vart samrøystes godkjent med merknad om at det skal krevjast inn treningsavgift for 2024.

d. Fotball

Innstilling frå styret: Reknskap for fotball vert godkjent.

Vedtak: Reknskap for fotball vart samrøystes godkjent.

e. Barneidrett

Innstilling frå styret: Reknskap for barneidrett vert godkjent.

Vedtak: Reknskap for barneidrett vart samrøystes godkjent.

f. Turn

Innstilling frå styret: Reknskap for turn vert godkjent.

Vedtak: Reknskap for turn vart samrøystes godkjent.

g. Trim

Innstilling frå styret: Reknskap for trim vert godkjent.

Vedtak: Reknskap for trim vart samrøystes godkjent.

8. Saker til handsaming

a. Val av påtale for 2023

i. Innstilling frå styret: leiar og nestleiar

ii. Vedtak: Innstilling frå styret om leiar og nestleiar vart samrøystes godkjent.

b. Mobilnett Seimsåsen

i. Innstilling frå styret: ÅTIL øyremerkar 210 000 kr til prosjektet.

ii. Vedtak: Innstilling frå styret om øyremerking av midlar på 210 000 kr til prosjekt mobilnett på Seimsåsen vart samrøystes godkjent.

c. Uteområde Tangen Skule

i. Innstilling frå styret: ÅTIL øyremerkar 100 000 kr til oppretting av eiga prosjektgruppe.

ii. Vedtak: Innstilling frå styret om øyremerking av midlar på 100 000 kr til oppretting av eiga prosjektgruppe i høve uteområde Tangen Skule vart samrøystes godkjent.

d. Kontingent 2023-2024

i. Innstilling frå styret: Ingen endringar i satsar (fam.medlemskap 400kr, enkeltmedlemsskap 350kr, støttemedlem 150kr)

ii. Vedtak: Innstilling frå styret om ingen endring av medlemskontingent vart samrøystes godkjent.

e. Kommunikationsstrategi (Vedlegg 1)

- i. Innstilling frå styret: Årsmøtet gjev styret fullmakt til å utarbeide ein plan for korleis kommunikasjonsstrategi skal setjast i verk og syter for at medlemmer er kjende med innhaldet i planen.
- ii. Vedtak: Innstilling frå styret om fullmakt til å utarbeide ein plan for korleis kommunikasjonsstrategi skal setjast i verk og syter for at alle medlemmer er kjende med innhaldet i planen vart samrøystes godkjent.

9. Vedta budsjett (Vedlegg 2)

Innstilling frå styret: Budsjett vert godkjent.

Vedtak: Budsjett frå gruppene/hovudlaget vert godkjent på neste hovudstyremøte, etter at dei nye tala jf. sak 8 vert arbeidd inn.

Kontrollkomiteen vil vere meir aktive i 2023 i høve bruk av midlar.

10. Utdeling av utmerkingar

Ingen innmeldte.

11. Val (Vedlegg 3)

Innstilling frå styret: Valnemnda si innstilling vert vedteke utan endring.

Valnemnda si innstilling til nytt hovudstyre/AU perioden 2023-2024

Leiar: Magne Knudsen (attval, valt for eitt år)

Nestleiar: Hanne Øren (ikkje på val)

Hovudkasserar: Anne Kauppi (attval)


Sekretær: Kjersti Nundal (ikkje på val)

Styremedlem 1: Lasse Heggheim (ikkje på val)

Styremedlem 2: Linn Hege Lereng Einan (attval)

Vedtak: Valnemnda si innstilling vart samrøystes godkjent.

Årdalstangen 29.03.2023



Linn Hege Lereng Einan



Hanne Øren